



Paul Kaarbø Hermansen  
Kårbø 44  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1659 - 15/19933

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
06.11.2015

## Godkjenning- GBNR 52/1- Arealoverføring frå gbnr 52/1 til 52/29, 65 og 66

**Administrativt vedtak. Saknr: 396/2015**

### Saksutgreiing:

Ved søknad journalført 29.5.2015 har Paul Kaarbø Hermansen (tiltakshavar) på vegne av heimelshavar Magnhild S. Tofting søkt om arealoverføring av om lag 100 m<sup>2</sup> frå landbrukseigedommen på gbnr 52/1 til sin fritidseigedom på gbnr 52/29, 65 og 66 på Kårbø. Arealet som er søkt frådelt skal nyttast som parkeringsplass for fritidsbustaden på gbnr 52/29, 65 og 66.

### Vurdering:

#### Plangrunnlag:

Avgjevareigedommen er ein landbrukseigedom og ligg som LNF-område (Landbruk, natur og friluftsliv) i kommuneplanen sin arealdel. Mottakareigedommen er ein bebygd fritidseigedom og opplista i tabell 9.2 i kommuneplanen som bygd fritidsbustadeigedom, med status som LNF- spreidd fritidsbustad.

Det er gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, for LNF- område (Landbruk, natur og friluftsliv) i UDU-vedtak 71/2015.

#### Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla 28.6.2015 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknader frå naboar.

#### Vilkår for deling/arealoverføring i plan- og bygningslova:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Arealoverføring er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-1 bokstav m. Arealoverføring som omsøkt kjem ikkje i konflikt med pbl §§ 26-1 eller 28-1 (byggegrunn, miljøtilhøve). Arealoverføringa inneber ikkje at eigedomane vert endra på ein måte som kjem i strid med plan- og bygningslova, eller at parsellane vert uegna ved framtidig utnytting, jf pbl § 26-1.

Administrasjonen vurderer søknaden som tilstrekkeleg opplyst for godkjenning. Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

### **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om arealoverføring av om lag 100 m<sup>2</sup> frå gbnr 52/1 til gbnr 52/29, 65 og 66 i samsvar med søknad journalført 29.5.2015 og som vist på situasjonskart motteke same dato og stempla godkjent 6.11.2015.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

521

**Mottakere:**

Paul Kaarbø Hermansen

Kårbø 44

5917

ROSSLAND